

Reisebrev Torino

Torino som utvekslings-by kan anbefalast til deg som er glad i friluftsliv, klatring og ski, men også til deg som er glad i å reise. Sjølv om Torino ligg langt nord i Italia er det gode togforbindelsar til dei aller fleste storbyane som ligg sørover i Italia, og den klare fordel med Torino er at det er kort veg til alt. Byen ligg ved foten av Alpane og det er dermed kort veg dersom ein ynskjer å stå eller gå på ski, men det er også like kort reiseveg ned til Liguria-kysten. Ulempa er likevel at ein må reise litt for å kome seg til både fjell og sjø, og bil er å anbefale på det sterkaste. Nordover til Alpane er det relativt dårlege kollektivforbindelsar dersom ein ynskjer å gå på ski og fotturar.

Som dei fleste andre byar i Italia, kan det i Torino vere vanskeleg å finne seg ein stad å bu før ein er fysisk tilstades i Italia. Nettløysingar for utleige er dårlege, utleigarane svarar sjeldan, og det er ein reell sjanse for å verte svindla. Vi endte opp med å bu på AirBnB dei første to vekene, og tok kontakt med ToHouse i Torino når vi kom ned. Dei sette oss i kontakt med utleigarar og ordna visningar på leilegheiter, og vi fann oss ein stad å bu i løpet av dei to første vekene våre i Torino. Dersom ein er litt på ball, burde dette gå greitt. Det er verdt å nemne at ToHouse tek betalt for tenesta si, og dei er truleg heller ikkje dei billigaste. Likevel hadde dei fleste av oss positive opplevingar med selskapet, og det ordna seg med leilegheit for dei aller fleste. Språkskulen vi var på var også på tilbudssida for å setje oss i kontakt med utleigarar, så det skal nok ordne seg på ein eller annan måte.

Når det kjem til det faglege ved Politecnico di Torino, er arbeidsmengda ein del lågare enn ved NTNU. Dette kjem sjølvsagt ann på kva emner ein vel å ta, men dei færrest emna har obligatoriske arbeidskrav eller oppmøte og gjer dermed at ein står mykje friare til å disponere tida si sjølv. Det skal seiast at det er noko høgare poenggrense for å få ståkarakter ved PoliTo enn det er ved NTNU, og ein vert møtt med om lag like mykje arbeid i eksamensperioda i Torino som det ein har ved NTNU. Eg tok emna «Operating systems for embedded systems» og fekk dette godkjent som TTK4147, «Nonlinear control and aerospace applications» som vart godkjent som TTK4150, og «Technologies for Autonomous Vehicles» som saman med «Sensors, embedded systems and algorithms for Service Robotics» vart godkjent som TTK4190. Det er altså ikkje eit stort problem å få godkjent obligatoriske emner.

Fredrik Johan Stokke Mo